VOLDA KOMMUNE HORNINDAL KOMMUNE

# REFERAT - KOMMUNEREFORM

## Møte på Volda rådhus

22.01.2018 kl. 10:00

**Til stades:**
Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleiar
Ann Kristin Langeland, Rådmann
Asbjørn Moltudal, Ass. rådmann
Berit Lyngstad, Personalsjef (sak 7)
Hovudtillitsvalt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang
Hovudtillitsvalt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter
Paul Ottar Tornes, prosessleiar IKT/digitalisering

**Agenda:**

| **Aktivitet**<br>**1. Møteplan** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Drøfta dato for administrativ styringsgruppe og for fellesnemnda. | RS |

| **Aktivitet**<br>**2. Vurdering av digitale møter** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Styringsgruppa er positiv og vil gjere vurderingar for kvart møte om ein skal nytte videokonferanse | Styringsgruppa |

| **Aktivitet**<br>**3. Møtereferat 18. desember** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Møtereferatet vart gått igjennom. Arbeid i høve omstillingsavtale held fram. | PSU/<br>personalsjefane |

| Aktivitet<br>4. Saker til fellesnemnda 1. februar | Ansvarleg oppfølging |
|---|---|
| Drøfta saker til fellesnemnda.<br><br>Vedtakssaker<br>• Møteplan<br>• Heraldikk<br>• Omstillingsavtale<br>• Fiberutbygging<br><br>Orienteringssaker<br>• Vedtak frå departementet i høve Kjøs<br>• Skriv frå fellesnemnd til innbyggjarane på Bjørke<br>• Interkommunale samarbeid<br>• Forskrift om nye volda<br>• Diverse oversendingsframlegg frå Volda til nye Volda<br>• Status kulturgruppa | JR/Fellesnemnd |

| Aktivitet<br>5. Fokus til neste møte | Ansvarleg oppfølging |
|---|---|
| Styringsgruppa vil ha fokus på administrativ organisering | Styringsgruppa |

| Aktivitet<br>6. Årshjul | Ansvarleg oppfølging |
|---|---|
| Prosjektleiar, Rune Sjurgard, gjekk igjennom årshjulet for Nye Volda.<br>• Prosess for å avklare kva avtaler som skal seiast opp og/eller vidareførast i kommunane.<br>• Landbruk – Gards og bruksnummer vil kunne krevje ein del arbeid. Landbrukssjefen må sjå nærmare på dei oppgåvene som må utgreiast.<br>• Næringsutvikling – ein ventar på rapport frå prosjektet med ny næring på gamle tufter.<br><br>Det blir sendt ut eit nyheitsbrev frå prosjektleiar i februar | RS/JR |

| Aktivitet<br>7. Ulike tema på personalområdet | Ansvarleg oppfølging |
|---|---|
| Avtale om forsikring (skade og personal) har stort volum. Volda er i gang med å reforhandle. Må vurdere opsjon for Hornindal. Dersom organisasjonsnummeret for nye Volda vert det same som for Volda slepp den nye kommunen å gå ut på full anbodsrunde på nytt åleine. | |

| | |
|---|---|
| Kjell Magne Rindal vert bedt om å følgje opp opsjon i samband med anbodsprosessen som no går saman med ca 30 andre kommunar.<br><br>Styringsgruppa vil sette ned arbeidsgruppe for personalområdet. Personalsjefane i Hornindal og Volda fekk mandat til å setje saman og konstituere gruppa. Det skal vere to tillitsvalte, dei tillitsvalte (Norunn og Oddbjørg) gjev attendemelding til Berit og Liv Oddrun. Etter første møte gjev arbeidsgruppa ei attendemelding til styringsgruppa med oversikt over framdriftsplan.<br><br>**Digitalisering**<br>Digitalisering er eit satsingsområde for nye Volda. Velferdsteknologi og digital undervisning har fått prioritet i 2018-budsjettet.<br><br>I tidleg fase etter Paul Ottar tek til vil vi få lagt fram ei oversikt over status og plan for prioritering. Det vert lagt fram plan for fellesnemnda som eiga sak. | KMR<br><br><br><br><br>Personalsjefar |

Møtet slutt kl. 12:00

Volda, 22.01.2017

Paul Ottar Tornes
Referent